



Vinje kommune
Næringskontoret



LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENTET
Postboks 8007 Dep

0030 OSLO

Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
TORILNI	2017/1739	20948/2017	SA5	11.10.2017

Høyring - Endring i reglane om nydyrking - forbod mot nydyrking av myr

Saka blei behandla i Plan- og miljøutvalet i møte 11.10.2017. Saka med vedtak fylgjer vedlagt.

Med helsing

Toril Nicolaisen
næringssjef

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Vedlegg:



--

Arkiv saknr:	2017/1739
Løpenr.:	19203/2017
Arkivkode:	V30

Utval	Møtedato	Utval Saksnr
Plan- og miljøutvalet	11.10.2017	17/163

Sakshandsamar: Thor Christiansen

Høyring - Endring i reglane om nydyrking - forbod mot nydyrking av myr

Vedlegg:

- 1 Høyringsnotat
- 2 Div kart

Dokument i saka:

NIBIO-rapport – kunnskapsgrunnlag om nydyrking av myr

NIBIO - Tilleggsutredning knyttet til kostnadseffektivitet og klimaeffekter av forbud mot nydyrking av myr

Bakgrunn:

Landbruks- og matdepartementet har sendt ut eit notat om endring av nydyrkingsforskrifta med tilhøyrande endringar i jordlova. Forslaget går i korte trekk ut på å forby nydyrking av myr, men at det i særlege tilfelle kan gjevast dispensasjon frå forskrifta. Høyringsfrist 11.10.2017.

Bakgrunn for forslaget er klimaforliket i 2012, og i følge notatet det faktum at:

«Dyrking av myrarealer innebærer relativt store utslipp av klimagasser sammenlignet med andre arealer bestående av mineraljord. Redusert vannstand ved drenering av myrarealer øker tilgangen på oksygen slik at torven raskere brytes ned og karbonet i torven slippes ut som CO₂ til atmosfæren.»

Nydyrking er søknadspliktig og det skal leggjast særleg vekt på kva for verknadar tiltaket kan påreknaast å ha for natur- og kulturlandskapsverdiane på det arealet som det blir søkt om og evt. påverknadar for tilgrensande areal. Det skal og leggjast vekt på ønskje om å styrkje driftsgrunnlaget for driftseininga og om nydyrkingstiltaket legg til rette for driftsmessig gode løysingar.

I samband med høyringa er det utarbeida ein NIBIO-rapport (Kunnskapsgrunnlag om nydyrking av myr) og eit NIBIO-notat (Tilleggsutredning knyttet til kostnadseffektivitet og klimaeffekter av forbod mot nydyrking av myr) i samband med høyringa.

I samandraget står det mellom anna å lese:

I denne rapporten er det gitt en vurdering av samfunnsøkonomiske konsekvenser og effekter på klimagassutslipp som følge av innskrenkninger i adgangen til nydyrking av myr. Restriksjoner mot nydyrking av myr vil i liten grad begrense mulighetene for matproduksjon i Norge, men kan føre til reduserte muligheter for nydyrking i områder med små arealer med alternativ dyrkbar jord.

Et generelt forbud mot nydyrking av myr antas å føre til en reduksjon i klimagassutslipp mellom 200 000 og 600 000 tonn CO₂- ekvivalenter i 2050, avhengig av hvor store arealer myr som ville blitt nydyrket uten et forbud [...].

Restriksjoner mot nydyrking av myr vil være samfunnsøkonomisk lønnsomt og ventes å gi en årlig gevinst på ca 500 kr per dekar for de arealene som ellers ville blitt dyrket. For enkelte bruk kan et forbud gi inntektstap dersom det ikke gis dispensasjoner.

Vurdering:

Statistikk syner at ca. 1/3 av dyrkbar jord i Norge er myr. Det har tradisjonelt blitt oppdyrka store areal med myrjord årleg.

I følgje Digitalt Markslagskart (DMK – sist oppdatert 2008) er det i Vinje registrert 47 600 dekar dyrkbar jord etter definerte kvaliteter som til dømes avstand til vei, storleik på teigar, hellingsgrad og klimasoner. Av dette er 27 600 daa organisk jord – det vil stort sett si myr. Av dette igjen ligg 23 000 daa i klimasone 6 (eigna for grovfordyrking med ei hausting) - sona går opp mot tregrensa. Det er totalt registrert vel 140 000 daa myr i heile Vinje.

Som ei ser av vedlagt kart ligg mykje av den dyrkbare myra i Vinje i Haddlandsheiane og på Varlandstangen – det vil si over 800 moh. Av dette ligg igjen omlag 10 000 dekar (grovt berekna) i område som er freda (Bjortjønn – Varlandstangen). Med andre så ligg mykje av den dyrkbare myra i Vinje etter måten høgt over havet, langt frå grender og gardsbruk, samt at eitt større areal har restriksjonar i form av vern.

I Vinje er det i dag registrert omlag 20 000 dekar dyrka mark og innmarksbeite. Av dette er det 6000 dekar som ikkje er i bruk. Det er i tillegg kartlagt 20 000 daa dyrkbar mineraljord/ fastmark. Sjølv ved eit forbod mot nydyrking av myr, vil ein i Vinje likevel minst ha høve til å doble det produktive arealet. Truleg er det og også eit potensial for å auke avlingsnivået på mykje av slåttemarka som er i bruk i dag.

Auka nedbørsmengder, kjølige somrar, milde vintre (fare for isbrann) og god tilgang til mineraljord vil truleg gjere det lite attraktivt å nydyrke myr framover i Vinje. Det kan likevel vere aktuelt for nokre einskilte gardsbruk. Sidan 2005 er det nydyrka vel 420 dekar i Vinje – vesentleg på fastmark. Vinje kommune gjev eitt tilskot på kr 5000,- pr dekar til nydyrking.

Eit forbod mot myr dyrking i Vinje vil med andre ord neppe vere til hinder for å auke matproduksjonen, og utvikle landbruket i kommunen. Landbruket er pålagt å redusere sine klima-utslipp – og eitt forbod mot nydyrking synast å vere kostnadseffektivt i høve til andre

tiltak, og vil neppe føre til dei store økonomiske ulempene for landbruket i Vinje. Rådmannen vil derfor tilrå å stø forslaget frå Landbruks- og matdepartementet om eit forbod mot nydyrking av myrjord.

Rådmannens framlegg til vedtak:

Vinje kommune stø forslaget frå Landbruks- og matdepartementet om eit forbod mot nydyrking av myrjord.

Rådmannen, 28.09.17

Jan Myrekrok, rådmann /s/

Handsaming i Plan- og miljøutvalet 11.10.2017:

Framlegg frå Sp v. Tone Edland:

Vinje kommune stø ikkje forslaget frå Landbruks- og matdepartementet om eit forbod mot nydyrking av myrjord.

Framlegget frå Edland blei vedteke med 6 mot 1 røyst.

Vinje kommune stø ikkje forslaget frå Landbruks- og matdepartementet om eit forbod mot nydyrking av myrjord.
